



Norddal kommune

Servicetorget

- ein verdsarvkommune

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Sesnr.: 2008 216	Doknr.: 241
Mottatt: 25 MAI 2008	ASR/ SEB
Saksbehandler: 144	Ark.: 479
Kopier:	Avskrift:

Vår ref.
08/714/V60, &13/BEOS/70258820

Dykkar ref.

Dato:
23.05.2008

Særutskrift: Høring - Endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova

Det er gjort følgjande vedtak i saken:

FS-068/08 Vedtak i Formannskapet 19.05.2008:

Boplikt

Norddal kommune er i mot at reglane om buplikt skal flyttast frå odelslova til konsesjonslova. Forslaget bryt med prinsippa i odelslova og det vil føre til ei oppsplitting av regelverket for odelseigedomar.

Buplikt for utmarkseigedom

Det bør innførast buplikt i ein av kommunane eigedomen ligg i ved erverv av ein utmarkseigedom over 5000 dekar. Buplikta kan oppfyllast utan fysisk å bu på eigedomen, men ved å bu i ein av kommunane eigedomen ligg i. Den enkelte kommune kan i lokal forskrift vedta ei lavare arealgrense.

Arealgrenser

Arealgrensene for odlingsjord, konsesjonsplikt og buplikt bør framleis vere 20 daa jordbruksareal. Når det gjeld skogsareal, sluttar ein seg til høyringsframlegget.

Norddal kommune sluttar seg ellers til høyringsforslaget.

Bente Klakken Osvik
førstesekretær